

Arkivnr: 2015/1434-746

Saksbehandlar: Johan J Meyer

		Saksframlegg	
Saksgang		Saknr.	Møtedato
Utval			
Fellesnemnda			23.05.2019

## Vidareføring av medlemskapet i KS

### Samandrag

Medlemskapet for Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar i Kommunesektorens organisasjon (KS) vert ført vidare i Vestland fylkeskommune med verknad frå 1. januar 2020.

**Økonomi:** Kan få betydning for medlemskontingenten.

**Klima:** Ingen betydning

**Folkehelse:** Ingen betydning

**Regional planstrategi:** Ingen betydning

### Forslag til vedtak

1. Fellesnemnda vil informere KS om at Vestland fylkeskommune vil erstatte Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune som medlem i KS inkludert arbeidsgjevarverksemda i KS med verknad frå 1. januar 2020.
2. Prosjektleiар og leiар av Fellesnemnda vert gjeve fullmakt til i signere dokumentet for tilslutning til arbeidsgjevarverksemda i KS og overføring av fullmakt.

Rune Haugsdal  
prosjektleiар

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Prosjektleiar, 27.03.2019**

Kommunesektorens organisasjon – KS – sine føresegner og føresegnene for arbeidsgjevarverksemda regulerer både medlemskapet i organisasjonen og overføring av fullmakter frå fylkeskommunen til KS som arbeidsgjevarorganisasjon.

Ved samanslåing av fylkeskommunar er det vurdert av KS at det ikkje er nødvendig å foreta ei utmelding av dei tidlegare fylkeskommunane og ei eigen innmelding av den nye fylkeskommunen. Dette er grunngeve med at den nye fylkeskommunen vil halde fram med å vere bunden av det avtaleverket dei tidlegare fylkeskommunane har vore bundne av, i resten av løpetida for avtalene.

KS har kome til at overføringa av medlemskapet frå dei tidlegare fylkeskommunane til den nye fylkeskommunen likevel skal skje i formelle former ved signering av eit særskilt dokument.

Ved signering av dokumentet gjev Fellesnemnda si tilslutning til at arbeidsgjevarverksemda i KS får fullmakt til å inngå og seie opp tariffavtalar, samt å gje eller ta i mot kollektive oppseiingar av arbeidsplassar på Vestland fylkeskommune sine vegner. Vidare vil medlemskapet i KS forplikte fylkeskommunen etter dei til ein kvar tid gjeldande tariffavtaler som KS er part i og som angår KS sine medlemmer, samt at fylkeskommunen er forplikta etter KS sine til ein kvar tid gjeldande lovar og føresegner.

**Om kontingenten til KS**

KS har i eit landsstyrevedtak 22. november 2017 satt rammer for storleiken på kontingenten. For 2019 er kontingenten for Hordaland fylkeskommune kr 7.296.974,- og for Sogn og Fjordane fylkeskommune kr 2.822.120,-. Det er innbyggjartalet som vert lagt til grunn for utrekning av kontingenten, men med eit maksimumsbeløp for kvar fylkeskommune på kr 7.296.974,-. Det er i det same landsstyrevedtaket varsla at det seinare i år kjem forslag om «ny helhetlig forutsigbar kontingentmodell som sikrer KS mulighet til å opprettholde aktivitetsnivået for medlemmene på en tilfredsstillende måte.»